



Referat

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Måndag 21. oktober 2024

Tidspunkt: kl. 16.00, digitalt Teams-møte

Styremedlemmer:

Anne Holstad

Christoffer Eiken

Camilla Storøy

Arnulf Goksøyr, frå sak nr. S41/24

Anne Marte Beitveit

Kjartan Grimstad

George Fulford, innleiande delteke med ei oppsummering rundt sak nr. S41/24. Han måtte deretter forlate møtet, og nestleiar Camilla Storøy overtok som møteleiar

Frå administrasjonen møter:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset.

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S38/24

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

SAK S39/24

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende referatet frå sist styremøte.

SAK S40/24

Perioderekneskap og prognose per 31/8 2024

Sjå vedlegga (Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd):

Perioderekneskap:

- Resultat pr august hushald
- Resultat pr august næring
- Kommenterar til perioderekneskap pr august
-

Prognose:

- Prognose august 2024 hushald
- Prognose august 2024 næring
- Kommenterar til prognose per august 2024

Tilråding til vedtak: Styret tek perioderekneskap per august og prognosen ut inneverande år til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tek perioderekneskap pr august og prognosen ut inneverande år til vitande

SAK S41/24

Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028

Sjå vedlegga (Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd):

- Budsjett 2025 samla
- Kommenterar til budsjett 2025
- Renovasjonsgebyr 2025, prosentvis kostnadsfordeling
- Økonomiplan 2025-2028 per avdeling
- Økonomiplan 2025-2028 samla

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028.

Styrehandsaming: Det vart diskutert rundt gebyrauken som vart framlagt, styret stilte seg bak administrasjonen sitt framlegg. Administrasjonen informerte om kontinuerleg fokus på kostnadane i selskapet generelt. Det negative sjølvkostfondet, auke i CO2-avgifta samt fortsatt høge kostnader m.a. til forsikringar og lånerenter ligg til grunn for gebyrauken.

Det er budsjettert med lærling frå 2025, og praktisk handtering av dette vart diskutert. Administrasjonen vart bedd om å vurdere lønsnivå på lærlingar samt å undersøke ordning for lærlingstilskot. Styret ønska utlysing av lærlingstillinga også for å synleggjere at SSR tek samfunnsansvar ved å tilby lærlingplass.

Vedtak: Styret godkjenner budsjett 2025 og økonomiplan for perioden 2025-2028. Styret ba administrasjonen om å lyse ut budsjettert lærlingstilling, vurdere lønsnivå for lærlingar og undersøke om det kan vere aktuelt å søke lærlingstilskot.

Sakliste – orienteringssaker:

Sak S42/24 Orienteringar

- Avklaring kommunalt næringsavfall. Sjå vedlegg.

Andrea Øien Sæverud

George Fulford



Dagleg leiar

Styreleiar